ALVER
KOMMUNE

Hjelmås Vvs As
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: Ref.:JJPT4N-Skjemanr.:3935 | Linda Hammersvik Folkestad | 27.02.2023 |
| Vår: 21/10064 - 23/16387 | linda.folkestad@alver.kommune.no | |

# Foreløpig svar på ferdigmelding - gbnr 1/294 Flatøy

**Tiltak:** Tilknyting kommunalt vatn og avløp
**Byggjestad:** Hjelten 15 – Gbnr 1/294
**Tiltakshavar:** Alexander Sellevoll og Maya Sudmann Jakobsen
**Ansvarleg søkjar:** Hjelmås VVS

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad om ferdigmelding 23.02.2023

**Mottakskontroll**
Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Før vi kan handsame søknad må røyrleggarmelding være godkjent.
   Kommunen har ikkje handsama røyrleggarmeldinga, då tinglyst avtale som er sendt inn manglar signatur frå ei av grunneigarane som skal gje Dykk rett til å legge leidningsnett over deira grunn. Før vi kan handsame søknad må denne retten ligge føre. Vi ber om at tinglyst avtale vert sendt inn til kommunen snarast.

2. Før vi kan handsame søknad om ferdigmelding skal tilknytingsgebyr være betalt. Faktura på tilknytingsgebyr vert sendt ut når røyrleggarmeldinga er handsama.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 01.04.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

**Sakshandsamingsfrist**
Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**
Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Alver kommune Samferdsel, veg-, vatn-avløp-forvaltning

| | |
|---|---|
| Arne Helgesen | Linda Hammersvik Folkestad |
| Avdelingsleiar | Ingeniør |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hjelmås Vvs As | Torvhusmyrane 2 | 5913 | EIKANGERVÅG |